

---

# Årsmelding 2013

## 1. Hovedtrekk for året 2013

### 1.1. Aktivitet generelt

Idrettsråd og kommune har felles mål og verdier for å leggja til rette for idrett og fysisk aktivitet som førebyggjande helsearbeid, trivsel og attraktivt friluftsliv, samt gode oppvekst- og levevilkår. Idrettsrådet har i fleire år vore høyringsinstans for kommunen i saker som angår idretten, og siste året vore sentral i prosjektarbeidet med å laga ny kommunedelplan for idrett.

Det er for å styrkja samspelet at kommune og idrettsråd i 2013 har skrivt under ein formell samarbeidsavtale. Med faste årlege rutinar og møtefora ønskjer partane og sikra idretten medverknad i lokal idrettspolitikkk for framtida.

Dei viktigaste tiltaka idrettsråd har teke del i siste året er;

- *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø for perioden 2013 – 2023*  
Planen vart godkjent i Levekårsutvalet 5. mars og Kommunestyret 21. mars 2013.
- *Samarbeidsavtale mellom kommune og idrettsråd*  
Avtalen vart underskriven av Ordførar, kultursjef og leiar av LIR 10. juni 2013.
- *Samarbeidsmøter med andre idrettsråd i regionen*  
Tiltaket er drive fram i fellesskap mellom idrettsråda i Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy, og kan opna for eit *Regionsråd for idretten* på sikt.

Idrettsrådet hadde ønskje om i fellesskap med kommunen å utarbeida ein «medverknadskalendar» med innhald og tidsfristar knytt til kommunen sitt årshjul for planlegging, avtale faste møter mellom kultureininga i kommunen og idrettsrådet, samt betra rutinar for at høyringsretten vert ivaretatt i alle saker som angår idretten. Dette har vi hittil ikkje lukkast få tilfredsstillande på plass, og vert ei viktig oppgåve det komande året. Verktøya til arbeidet med idrettspolitikken er på plass, og då må vi evna ta dei i bruk.





### 1.2. Idrettslaga

Det er i alt 16 lag tilslutta Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske (NIF), og medlem av Lindås Idrettsråd.


Laga har, samanlikna med fjoråret, ei auke på 201 registrerte aktive ifølgje gjeldande idrettsregistrering og medlemstalet viser 149 fleire enn året før.

Det er tilbod til like mange funksjonshemma som året før, medan færre deltek på idrettsskulane i laga våre.

Sjå utviklinga dei siste åra samla for laga våre;



Lokale aktivitetsmidlar (LAM) er eit stimuleringsstiltak i NIF med midlar frå Staten (KUD). Med utgangspunkt i idrettsregistreringa som kvart einskild idrettslag gjer i januar månad, fordeler idrettsrådet aktivitetsmidlane. I 2013 blei det fordelt kr 543.000,- til 11 av laga våre som då oppfylte kriteriane for midlar.



Den uorganiserte mosjons- og fritidsaktiviteten aukar i samfunnet. Sjølv om vi ser ein auke i medlemstalet vårt veit vi at det er fleire og fleire aktivitetar og turgrupper som vel uforpliktande deltaking og ønskjer å stå utanfor lag og organisasjonar. Dette bør den organiserte idretten ta med seg i framtida og leggje til rette for uorganisert aktivitet som del av tilbodet i laget.

### 1.3. Idrettsanlegga

Idrettsrådet ser som største utfordringa i kommunen å ta vare på dei eksisterande anlegga. For ei rekkje av våre største kommunale idrettsanlegg er det eit stort etterslep på rehabilitering. Det trengst skifte av banedekke på dei kommunale uteanlegga, samt nytt dekke i Nordhordlandshallen.

Idrettsrådet vil i år òg trekkja fram at vi ikkje har friidrettsanlegg som tilfredsstillar krav til større konkurransearrangement. Anlegga er prega av manglande vedlikehald og sjølvstags over tid til dels «gått ut på dato».

Rådet vil vidare trekkja fram det positive i at det er vedteke å skifta frå grus- til kunstgrasdekke på bana på Lindås, til glede og nytte for skule og idrett. Utbygging av skular og idrett- og friluftsanlegg i ei koordinert samkøyring er framtidsretta. I bygda vert no behovet for skule og fritidsaktivitet svært godt dekkja «der folk bur» med den nye fleirbrukshallen, Lindåshallen, og tenlege uteanlegg.

Rådet er òg tilfreds med ordninga med tilset driftskordinator for kommunale anlegg.

Ved utgangen av 2013 er det registrert 112 idrettsanlegg i Lindås i dataregisteret til departementet (KUD), [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no).

Idrettsrådet arbeider kontinuerleg med å oppdatere denne oversikten.

## 2. Saker og oppgaver

Oversikt over dei viktigaste sakene idrettsrådet har vore engasjert i:

- Delta i planprosess og arbeidsgruppe ved utarbeiding av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø
- Inngå samarbeidsavtale mellom idrettsråd og kommune
- Samarbeide med andre idrettsråd i regionen
- Fordele lokale aktivitetsmidlar (LAM) frå Staten (KUD) til idrettslag i kommunen
- Tydeleggjere aktivitetsregistreringa og talgrunnlaget for LAM-midlane
- Ajourhalda vedtekter for idrettsrådet
- Ajourhalda handlingsplan for idrettsrådet
- Uttale til kommunen om prioriteringar av aktivitetar og anleggsutbyggingar
- Halde dialog med idrettslaga kring anleggsutbygging
- Halde dialog med teknisk etat i kommunen kring anleggsplanar
- Administrere og dele ut idrettsstipend
- Leggje til rette for kurs og opplæring av treningskontaktar
- Uttale til kommune om spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- Uttale til kommune om kulturmidlar til idrett for komande år
- Uttale i saker frå idrettskrets og forbund
- Kontakt med kommunen sin driftskoordinator for idrettsanlegg
- Bidra til dokumentasjon og åjourhald av anleggsoversikter
- Delta på idrettskonferansar
- Informere om og følgje opp idrettslaga si registrering i Frivilligregisteret
- Informere om og følgje opp idrettslaga i høve til Grasrotandelen
- Informere om og følgje opp saka om politiattest for idrettslaga
- Informere om Tilskuddsportalen - om å hente midlar på nett.

## 3. Medlemar

Ved utgangen av 2013 var det i Lindås idrettsråd registrert 16 lag heimehøyrande i Lindås kommune med totalt 4147 medlemar. Dette er 149 fleire medlemar enn året før. Og det som er endå meir positivt er at aktivitetstalet aukar med 201, frå 3218 til 3419.

## 4. Styret

Årsmøtet i 2013 vart halde onsdag 20. mars i kantina i Nordhordlandshallen i Knarvik, og følgjande val vart gjort:

- |                   |                          |                              |
|-------------------|--------------------------|------------------------------|
| • Leiar           | Svein Haukås             | Lindås IL                    |
| • Nestleiar       | Heidi Bjørge             | Eikanger IL                  |
| • Styremedlem     | John Sigfred Hugøy       | Nordhordland Hestesportklubb |
| • Styremedlem     | Harald Kvamme            | Nordhordland BK              |
| • Styremedlem     | Grethe Thorsheim         | FIL AKS 77                   |
| • Styremedlem     | Per Ole Ekker            | Nordhordland BK              |
| • 1.varamedlem    | Gunnar Stusdal           | Eikanger IL                  |
| • 2.varamedlem    | John Helge Walderhaug    | Lindås IL                    |
| • 3.varamedlem    | Michael Andre Aase Sørli | Nordhordland Karateklubb     |
| • Revisor         | Asle Hindenes            |                              |
| • Vararevisor     | Geir Bleie               |                              |
| • Valnemnd, leiar | Helge Fjellanger         | Lindås IL                    |
| • Medlem          | Bård Herland             | Seim IL                      |
| • Medlem          | Sveinung Toft            | Eikanger IL                  |
| • Varamedlem      | Håkon Vabø               | Lindås IL                    |

Styret har hatt 7 ordinære styremøte, samt årsmøte. Årsmøtet var i Nordhordlandshallen, eitt av styremøta var lagt til Lindåshallen, og siste styremøtet i 2013 var på Alver hotell med årsavslutning og julemiddag for styre og valkomité, og med kultursjef i kommunen som invitert gjest. Dei øvrige styremøta var lagt til Knarvik, eitt i Nordhordlandshallen og dei andre som vanleg i Frivilligsentralen sitt lokale.

## 5. Representasjon

Leiar i rådet, Svein Haukås, og styremedlem, Per Ole Ekker, har delteke på

- Idrettsrådskonferansen 2013  
30. august til 1. september i Kristiansand, skipa til av Norges Idrettsforbund med *Idrettsrådenes plass i den norske idrettsmodellen* og *Doping som samfunns- og idrettsproblem* som hovedtema
- Idrettsrådskonferansen Hordaland 2013  
8. og 9. november i Bergen (Flesland), skipa til av Hordaland idrettskrets med *Idrettsrådenes sine oppgaver* og *Doping som samfunns- og idrettsproblem* som hovedtema
- Innspelsmøte for Regional kulturplan 2014-2024  
17. september på Westland Hotel, Lindås, skipa til av Hordaland fylkeskommune med invitasjon til å koma med innspel for kultur- og idrettslivet i Hordaland dei neste ti åra

## 6. Idrettsstipend

På årsmøtet i fjor vart det delt ut 2 idrettsstipend, eitt til Bjørnar Stusdal frå Nordhordland Skiklubb og eitt til Ragnhild Tveit Porsmyr for arbeidet for handballen i Knarvik IL med kr. 5 000 kvar, samt diplom, heider og ære.

## 7. Rekneskap 2013

Idrettsrådet fekk i mai 2013 tildelt kr. 30 000 i kulturmidlar frå kommunen. Dette er same summen som året før. Kr. 10 000 vert delt ut i stipend på årsmøtet, og kr 20.000,- går til drift for eit år. Idrettsrådet er glad for at administrasjonen i kommunen og politikarane i levekårutvalet held løyvinga på dette nivå som gjer det mogleg å oppretthalde aktiviteten og leggje nye planar i rådet.

Bruk av lokala og administrativ støtte frå Frivilligsentralen er framleis gratis og til stor hjelp for oss.

Idrettsrådet sitt rekneskap er kontrollert av revisor og rådet hadde ved årsskiftet aktiva på kr. 34 741,08

### **Vi takker for tillit!**

Knarvik, mars 2013

Per Ole Ekker (sign.)

Svein Haukås (sign.)

Heidi Bjørge (sign.)

Harald Kvamme (sign.)

Grethe Thorsheim (sign.)

John Sigfred Hugøy (sign.)

Gunnar Stusdal (sign.)

John Helge Walderhaug (sign.)

Michael Andre Aase Sørli (sign.)